



Ålfotbreen
verneområdestyre

Møte i Fagleg Rådgjevande utval 2021

21. September – Svelgen

Agenda

1. Opning av møtet
2. Forvaltning og saker i 2021
3. Forslag om nasjonalparkstatus
4. Gjennomførte tiltak i 2021
5. Innspel til forvaltninga
6. Innspel om aktuelle tiltak i 2022
7. Ymse

1. Velkommen.

Opning av møtet v/styreleiar

2. Saker og forvaltning i 2021

Verneområdestyret 2020-2023

Jacob Nødset	styreleiar	Kinn
Irene Storøy	nestleiar	Bremanger
Janne Solheim	styre-medlem	Gloppen
Åsmund Berthelsen	styre-medlem	Vestland



Enkeltsaker:

- Løyve til ekstra landingar ved bremålingshytta – SFE
- Løyve til helikoptertransport til Grøndalsstøylen
- Løyve til landingar på Ålfotbreen i samband med forskning



Rammeavtale for tenestekjøp

Forvaltninga har skrive rammeavtalar med Bygdeservice AS på Sandane og Gravdal Skog og Hageservice. Avtalane kjøp av tenester i samband med tiltak i og rundt verneområdet.

Rammeavtalane kjem som eit resultat av ein anbodskonkurranse og gjeld for 2+1 år.

Grunneigarar og brukarar kan gjerne vere klar over at vi har denne ressursen tilgjengeleg. Begge verksemdene har mykje utstyr og kompetanse, og kan bidra i arbeid som grunneigarar, grunneigarlag eller forvaltninga ikkje har kapasitet eller utstyr til.



3. Ålfotbreen nasjonalpark?

Desse hyllene kan bli Noregs nye nasjonalpark

Hyllene har blitt forma av elvar som rann for kring 400 millionar år sidan.

Fjellområdet er blant fleire nye som kan få status som nasjonalpark.



HYLLER: Hyllene er laga av devonske avsetningar av sandstein, og ligg langt vest i Noreg.

FOTO: ALF ERIK RØYRVIK



Asgeir Heimdal Reksnes
Journalist

Publisert 23. mai kl. 08:18
Oppdatert 23. mai kl. 14:30

Disse unike områdene blir nye nasjonalparker

Om noen år kan ti nye områder i Norge få status som nasjonalparker.



BLIR NASJONALPARK: Hornelen i Bremanger blir ny nasjonalpark. Dette er Europas høyeste sjøklippe.

FOTO: MATS GRIMSÆTH



Julianne Bråten Mossing

Journalist



Linnea Skare Oskarsen

Journalist

Vi rapporterer fra **Bergen**

Publisert 7. sep. kl. 10:01

Oppdatert 7. sep. kl. 16:06

Gjør om landskapsvernområder

Regjeringen ønsker også å endre seks landskapsvernområder til nasjonalparker.

Områdene er

- Lyngsalpan
- Sylan
- Trollheimen
- Oksøy-Ryvingen
- Flekkefjord- og Listastrendene
- Ålfotbreen

Proessen

Miljødirektoratet og Fylkesmannsembeta fekk for nokre år sidan i oppdrag å utgreie aktuelle nye nasjonalparker og andre verneområde. Målet er å oppfylle dei internasjonale måla med å verne ein viss prosentandel av alle naturtypar.

Miljødirektoratet kom i vår med si innstilling og sende den til Klima- og miljødepartementet. Der går det fram at dei mellom anna rår til at Ålfotbreen får status som nasjonalpark. Den tilrådinga baserer dei på at Ålfotbreen har dei naturverdiane som skal til, og dei har inntrykk av at der er lokal interesse eller i det minste aksept for nasjonalpark.

KLD har bestemt seg for å jobbe vidare med planane om Ålfotbreen nasjonalpark, saman med 9 andre område.

Det er vanskeleg å seie kva nasjonalparkstatus vil ha å seie i praksis for bruk og forvaltning i Ålfotbreen. Landskapsvernområdet har per i dag eit regelverk som ligg ganske tett opp mot dei reglane som er vanleg i ein NP. Det er og veldig få bygningar og anlegg i Ålfotbreen som kan verte råka av strengar regelverk. Eg trur ikkje det er sannsynleg at grensene vil verte veldig mykje endra.

Vegen vidare

- Det er eigentleg no prosessen begynner
- Verneprosessen vil truleg vere tilsvarande som for eit heilt nytt verneområde
- Klima- og miljødepartementet må legge fram nye forslag til:
 - Grenser
 - Forskrift (reglar)
- Dette vert lagt ut på høyring – høve til å sende inn høyringsfråsegn
- Justeringar basert på høyringsfråsegnene
- Kongeleg resolusjon leggst fram for Kongen i statsråd
- Prosessen vil truleg ta minst 2-3 år

4. Gjennomførte tiltak i 2021

Tiltak i 2021

Vi har i 2021 fått 300.000 i tiltaksmidler fra Miljødirektoratet

Desse er fordelt på flere mindre tiltak rundt hele verneområdet, både innanfor og utanfor grensa.

Nokre er ferdige, andre vert framleis jobba med.

Vi har og nokre tiltak som vart starta på eller finansiert i fjor.




Informasjonsskilt ved Straumsneskrysset



Wire i Sælebotskora



Tilrettelegging i Førdedalen



(Illustrasjonsbilde)

Ny bru ved Skarvevatnet









Parkeringsplass og rasteplass i Grøndalen



Utbetring av veg i Hope

Vil vil ha betre og fastare dekke i eit bratt parti på grusvegen som går opp til parkeringsplassen på Nakkane.

Eg har vore i kontakt med entreprenør, men det har ikkje blitt gjort noko ute heilt enno.

Utbetring av stien til Blåbrebu

Vi skreiv avtale med Flora turlag i fjor, om å gjere ein del utbetring på stien til Blåbrebu.

Midlar frå 2020.

Gjort ein god del no i år!

Flora turlag kan kanskje sei litt meir om arbeidet.

5. Innspel til forvaltninga

Kommentarar til dei sakene og
prioriteringane som er handsama og gjort
i 2021?

Innspel som forvaltar og styre bør ta med
seg i arbeidet framover?



6. Innspel til aktuelle tiltak i 2022

Tiltak og tiltaksmidler i 2022

Som vanleg skal verneområdestyret sende søknad om tiltaksmidler til Miljødirektoratet rundt nyttår.

Søknaden er som ei «ønskeliste» der vi fører opp kva tiltak vi vil ha midlar til og kor mykje.

I februar (?) får vi svar på søknaden og tildeling. I år fekk vi som sagt 300.000 til fordeling.

Vi får og ei tilbakemelding på kva av dei innmeldte tiltaka som vi kan bruke midlane på.

Kva tiltak kan få midlar?

- Skjøtsel, tilrettelegging og informasjon
- Forankra i besøksstrategi, forvaltningsplan, skjøtelsesplan, tiltaksplan



Aktuelle tiltak?

Forvaltning og styre har ikkje sett opp denne lista enno. Det skjer på siste møtet for året, i nov/des.

Vi tek i mot innspel fram mot det møtet.

Det er ein fordel om innspela er litt strukturert og planlagt.

Kva går tiltaket ut på?

Kven skal gjere det?

Korleis skal det gjerast?

Kva vil det koste?



7. Ymse



**Norges
nasjonalparker**